



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til søknad om mellombels fråvik frå reguleringspraksis i Kvanngrovatnet - Høyanger og Masfjorden - BKK Produksjon AS

Fylkesmannen har ingen merknad til søknaden om mellombels endring i reguleringspraksis for Kvanngrovatnet.

Vi viser til oversendinga 25. januar 2019, avgrensa høyring av mellombels fråvik frå reguleringspraksis i Kvanngrovatnet i perioden 1. juli – 15. august 2019. BKK planlegg å gjennomføre revurdering av dammen, samt fornye vasstandsmåleutstyret i dammen. Vatnet vert difor tappa ned mot LRV i denne perioden.

Vår vurdering er at dette er eit naudsynt tiltak, og det må aksepterast noko mellombels ulempe for allmenne interesser i denne perioden. Vi reknar med at fiskestamma i magasinet ikkje vil verte nemneverdig råka.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent